

**Sakshandsamar:**

Lena Merete Söderholm  
E-post: lena.soderholm@sfj.no  
Tlf: 57 65 62 58

**Vår ref.**


Sak nr.: 09/505-3  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

4693/09

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 06.03.2009



Fiskeri- og kystdepartementet  
v/Martin Bryde  
PB 8118 Dep.  
0032 Oslo

## Svar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på forslag til endringar i akvakulturlova - Høyring 2009

Grunna for knappe fristar på høyringsforslaget om endringar i akvakulturlova, finn Sogn og Fjordane Fylkeskommune det naudsynt å sende ei administrativ tilråding (diskutert i møte med Hovudutval for plan og næring den 18. februar) som sitt innspel innan tidsfristen 6. mars 2009. Vi ynskjer å ettersende politisk vedtak frå neste møte i hovudutvalet den 18. mars.

### Sogn og Fjordane Fylkeskommune har følgjande administrative tilråding:

1. Sogn og Fjordane Fylkeskommune finn det ikkje naudsynt å gjere endringar i akvakulturlova § 6 utifrå ynskje om å behalde regional styring med tildeling av løyve for oppdrett av andre artar enn laks og aure.
2. Dersom det likevel vert gjort endringar i § 6, må desse vere knytt opp mot at fylkeskommunane skal ivareta nærings- og distriktsomsyn ved tildeling av løyve for oppdrett etter innføringa av forvaltingsreforma i 2010.
3. Sogn og Fjordane Fylkeskommune er einige i at det kan gis pålegg om flytting av akvakulturanlegg utifrå nærings- og miljømessige omsyn i § 16.
4. Fylkeskommunane sitt med kompetansen i høve til overordna samfunns- og næringsutviklingsmessige vurderingar, og Sogn og Fjordane Fylkeskommune rår til at denne oppgåva vert knytt opp mot tildeling av løyve og klarering av lokalitetar som er oppgåver fylkeskommunane skal overta. Vi er difor ueinige i at endringa i § 16 er knytt til tilhøve som har å gjere med Fiskeridirektoratet sitt arbeid med tilsyn og kontroll.
5. Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner det bør opprettast eit fond basert på ei panteordning. Innbetalinga må finne stad i samband med oppstart av verksemda (primært som ein del av den noverande konsesjonsbetalinga). Staten må bidra inn til fondet gjennom den statlege delen av betalinga for løyvet.
6. Sidan oppdrett av torsk er ei "ung" næring, og fordi finanskrisa også rammer denne næringa hardt, bør staten som ei overgangsordning (t.d. fram til årsskiftet 2013/2014) ta det fulle ansvar med innbetaling til fondet. Deretter bør næringa også bidra inn med t.d. ein viss prosent av eksportverdi.



## **Bakgrunn for saka:**

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår to endringar i akvakulturlova, nemleg heimel til:

- Endre prosedyrane for sakshandsaming ved tildeling av løyve til oppdrett av andre artar enn laks og aure
- Pålegge flytting av oppdrettsanlegg utifrå overordna samfunns- og næringsomsyn.

## **Om endra prosedyre for sakshandsaming (§6, 3. ledd)**

### **Bakgrunn:**

Løyve til havbruk blir i dag tildelt laupande utan avgrensing i talet på løyve. Dette blir handsama på regionalt nivå av fiskeridirektoratet sine regionkontor. I framlegget til endring ynskjer ein ny § 6, 3. ledd: *”Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om hel eller delvis stans i tildeling for bestemte artar i bestemte tidsperioder eller geografiske områder, herunder om at søknader skal behandles i tildelingsrunder på bestemte tidspunkt”.*

Føresegna vil gjelde alt anna oppdrett enn matfisk av laks, aure og regnbogeaure. Blant ”andre artar” er det torskeoppdrett som har komme lengst når det gjeld kommersialisering og volum, og i praksis vil det difor heimelen nyttast til å avgrense handsaminga av nye søknader om torskeløyve.

Endringa gjer det mogleg å styre tildeling av løyve på ”nye oppdrettsartar” på liknande vis som det vert gjort for laks og aure i § 7. Det kan bety at tildeling vil skje i tildelingsrunder, og næringspolitisk regulering mellom anna ut frå marknadsomsyn og distriktpolitiske omsyn.

### **Vurdering**

Tildeling og sakshandsaming har til no vore utført fortlaupande av Fiskeridirektoratet sine regionkontor. Ved dette forslaget til endring av akvakulturlova vil vurderingar med omsyn til næring, distriktpolitikk, miljø og areal i større grad flyttast til nasjonalt nivå og difor ikkje lengre vere blant oppgåvene som skal overførast til fylkeskommunane. Fylkeskommunen meiner dette er oppgåver og vurderingar som naturleg kan utøvast av fylkeskommunane, då det er vi som sitt med lokal/regionalkunnskapen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har, saman med dei tre andre Vestlandsfylka, satsa tungt på utvikling av akvakultur på ”nye artar”. Vi har von om at oppdrett av andre artar, som til dømes østers, kamskjel og blåskjel, skal verte eit viktig supplement til akvakultur på laks og aure på sikt. Vestlandet har dokumenterte regionale føremoner for næringsutvikling for fleire av dei nye artane. I dette perspektivet er det viktig å kunne forvalte tildeling av løyver ut frå fylket sine nærings- og distriktpolitiske vurderingar slik forvaltningsreforma legg opp til.

Det som i praksis vil vere ei overføring av mynde frå det regionale nivået (Fiskeridirektoratet sine regionkontor) og over til eit regime der nasjonalt nivå skal gje tildelingskriteria, tid for tildeling av løyve og gje føringar for lokalisering av løyve vil kunne legge sterke føringar på korleis fylkeskommunane kan nytte nærings- og samfunnsmessige vurderingar i samband med regionalt utviklingsarbeid.

## **Om rett til å pålegge flytting av oppdrettsanlegg (§ 16 3. ledd)**

### **Bakgrunn:**

I dag kan ein gje pålegg for tilbaketrekking eller endring av løyve med grunnlag i ein del samfunnsmessige omsyn (t.d. miljø, men ikkje fiskehelse), men det er ikkje heimel til flytting av

anlegg utifrå næringsmessige omsyn. Det vert difor foreslått eit nytt 3. ledd i § 16 der ein oppdrettarar kan påleggast å flytte anlegg innanfor eit gitt fjord- eller kystområde., for å skape betre struktur. Den som blir pålagt flytting får behalde løyvet (konsesjonen), men må leggje verksemda til ein ny lokalitet.

Høyringsforslaget syner til at dette er eit tiltak for å nedkjempe fiskesjukdomen Pankreas Disease (PD) for laksenæringa på Vestlandet. I dag må flytting av lokalitet vere basert på frivilligheit, og det er nok at ein oppdrettar i eitt område ikkje vil bidra, før ei restrukturering m.o.t. fiskehelse kan misse effekten. I slike høve vil det vere aktuelt å pålegge flytting.

Det er i høyringsforslaget er det presisert at dette ikkje kan samanliknast med oreigning av privat eigedom då eit løyve berre gjev oppdrettaren høve til å bruke ein del av fellesskapet sin eigedom.

#### **Kostnader ved flytting:**

Ei pålagt flytting er eit stort inngripande for ein einskild oppdrettar. Det knyter seg store kostnader til flytting av eit anlegg, og desse må anten dekkast av oppdrettarane sjølv eller av staten. I høyringsutkastet vert det peika på at staten ikkje vil ha erstatningsansvar i ein slik situasjon fordi råderettsinnskrenkingar ikkje er erstatningsbetingande. I parallelle saker som t.d. der aktørar må flytte ut av ein oppretta Nasjonal laksefjord, har likevel staten gjeve kompensasjon for dokumenterte flyttekostnader med inntil 2,25 mill. kr per anlegg. Høyringsnotatet påpeiker imidlertid at det her berre er snakk om eit fåtal anlegg slik at den totale summen er avgrensa, og at ein ved ei innføring av ei generell flytteføresegn ikkje vil stå ovanfor avgrensa kostnader. Departementet meiner det er rimeleg at næringa sjølv dekker kostnadane ved ei effektivisering av arealbruken og at dette m.a. kan gjerast gjennom å opprette eit kollektivt fond, eller at kostnadane vert fordelt på ein eller alle aktørane i det aktuelle området.

#### **Vurdering:**

Det vil vere urimeleg at einskilde utøvarar skal rammast økonomisk ved at ein belastar kostnadane for flytting på desse. Ein ynskjer såleis ikkje eit opplegg der ein eller nokre oppdrettarar innanfor eit avgrensa område skal dekke kostnadane for flytting av eit eller fleire anlegg. Oppdrett av torsk er ei "ung" næring, som ikkje toler for store endringar i rammetilhøva i ei oppbyggingsfase. Det er eit forvaltningsansvar å legge rammetilhøve til rette for vidare utvikling av denne marine næringa.

Forslaget om å pålegge større kostnader på torskeoppdrettsnæringa må også sjåast i lys av finanskrisa som nå rammer næringslivet.

Ein ser likevel at næringa på sikt må bidra inn til desse kostnadane.

Fylkeskommunen meiner det bør opprettast eit fond der det vert lagt inn ei panteordnings-tankegang kring eit opplegg om betaling. Innbetalinga bør vidare gjerast i samband *oppstart* av verksemda (primært som ein del av den noverande konsesjonsbetalinga). Staten må også bidra inn til fondet gjennom den statlege delen av betalinga for løyvet.

Som ei overgangsordning (t.d. fram til årsskiftet 2013/2014) bør staten ta det fulle ansvar med innbetaling til fondet. Deretter bør næringa også bidra inn med t.d. ein viss prosent av eksportverdi eller liknande.


#### **Pålegg om flytting skal over til Fiskeridirektoratet**

I høyringsutkastet koplar ein pålegg om flytting tett mot Fiskeridirektoratet sitt arbeid med tilsyn og kontroll. Difor meiner ein at oppgåva skal leggjast til Fiskeridirektoratet også etter at forvaltningsreforma trer i kraft 1. januar 2010.


Vurdering:

Grunnlaget for å kunne pålegge flytting er forankra i nærings- og samfunnsmessige omsyn, og dette skal m.a. vere det fylkeskommunen skal uttale om. Koplinga mot tilsyn og kontroll er difor ikkje så liketil som høyringsutkastet peikar på. Fylkeskommunen meiner difor at dette ansvaret ikkje skal overførst til Fiskeridirektoratet, men vere ein naturleg del av oppgåver som vert handsama av fylkeskommunane etter 2010.

Med helsing



Bjørn Birger Bremer  
ass. fylkesrådmann



Lena Merete Söderholm  
rådgjevar havbruk og fiskeri